

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 14. juni 2019 14:13
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 23/2019, 14. JUNI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 23/2019, 14. JUNI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

NYBYGGET: ARBEIDARPARTIET SPØR STATSRAÐEN OM GODKJENNING AV NYBYGGET (REGJERINGSNOTATET)

Det har drege ut med å få lagt fram regjeringsnotat for godkjenning av nybygget. Stortingsrepresentant Tove-Lise Torve (AP) har difor stilt spørsmål til Kunnskapsministeren om status i saka: "Vil statsråden sørge for at Høgskulen i Volda får klarsignal før sommaren om at dei kan starte bygginga av det nye medieuset"? Spør Arbeidspartiet. Då dette nyhendebrevet vart sendt ut hadde det ikkje kome svar frå Statsråden. Her er spørsmålet frå Torve:

<https://stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlige-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=76534>

HØGSKULESTYRET: FOU-PRISEN 2019 TIL JAN INGE SØRBØ

Høgskulen i Voldas FoU-pris for 2019 går til professor Jan Inge Sørbo ved Institutt for sosialfag, Avdeling for samfunnsfag og historie. I tildelinga la høgskulestyret vekt på den store og viktige vitenskaplege produksjonen til Sørbo, hans lange og markante forskingskarriere ved høgskulen og at han er ein av dei mest aktive og leste forskarane ved høgskulen. Sørbo sitt siste bidrag er storverket «Nynorsk Litteraturhistorie».

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/fou-prisen-til-professor-jan-inge-sorbo>

HØGSKULESTYRET (2): BETALINGSPARKERING KJEM - SKAL UTGREIE EL-SYKLAR

Høgskulestyret vedtok i styremøtet torsdag 13. juni å innføre betalingsparkering ved Høgskulen i Volda. Dette er ei prinsipiell og overordna beslutning der administrasjonen får fullmakt til å sette dette ut i livet når planar, godkjenningar og avtalar er på plass, men venteleg vil ordninga tre i kraft hausten 2019. Høgskulestyret gjorde også ei rekkje andre vedtak i saka, blant anna at det skal lagast ei utgreiing av ordning med el-syklar på høgskulen, det skal vurderast om utsleppsfrie bilar skal få gratis parkering og at pris for parkering for studentar kan bli redusert ut frå sosiale og andre kriteriar.

HØGSKULESTYRET (3): VEDTOK ORDNING FOR PEDAGOGISK BASISKOMPETANSE OG MERITTERING AV UTDANNINGSFAGLEG KOMPETANSE

Høgskulestyret har vedteke ordning og retningslinjer for pedagogisk basiskompetanse og merittering av undervisning. Høgskulestyret slutta seg til vedtaket i Strategisk studienemnd. Høgskulestyret vedtok også framlegget til ordning for merittering av utdanningsfagleg kompetanse. Administrasjonen arbeider no vidare med dei meir praktiske tiltaka for å få sett i verk ordningane.

Ordning for pedagogisk basiskompetanse:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/252165?agendaItemId=203406>

Merittering av utdanningsfagleg kompetanse:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/252165?agendaItemId=203407>

HØGSKULESTYRET (4): VIL STARTE MASTER I BARNEHAGELÆRARUTDANNING

Høgskulen i Volda ønskjer å starte master i barnehagelærerutdanning. Søknaden om akkreditering blir sendt til hausten 2019. Høgskulestyret gav i styremøtet 13. juni fullmakt til rektor om å sende søknaden fordi første styremøte i haust kjem for seint i høve til fristane til NOKUT. Dei fleste institusjonar som driv med barnehagelærerutdanning har også masterutdanning på området.

MEDIESYMPOSIUM 17.-20. JUNI: "PROFESSIONAL AND PERIPHERAL NEWS WORKERS AND THE SHIFTING IMPORTANCE OF PLATFORMS"

Avdeling for mediefag arrangerer internasjonalt symposium 17.-20. juni. Opninga måndag 17. juni kl 12.00 i Store BK er open for alle.

Program for måndagen: <https://www.hivolda.no/forskning/forskningsgrupper/symposium-media-professions-and-society/preliminary-programme-symposium>

Sjå omtale av heile symposiet: <https://www.hivolda.no/english/prominent-journalism-researchers-gather-volda-and-loen>

FJORDKONFERANSEN 19.-20. JUNI: VOLDA-FORSKARAR HELD HOVDINNLEGGGA

Fjordkonferansen 2019 går i Loen 19.-20. juni. Konferansen er tilbake i Loen etter at den i 2018 vart arrangert i Ålesund. Høgskulen i Volda er arrangør av konferansen. Finn Ove Båtevik, Henriette Hafsaas og Lars Julius Halvorsen har vore HVOs representantar i styringsgruppa for Fjordkonferansen og Halvorsen har også vore kontaktperson for Fjordkonferansen. Forskarar ved Høgskulen i Volda held alle dei tre hovudinnlegga på konferansen: Roar Stokken, Synnøve Amdam og Jan Inge Sørbo. I alt vil 10 forskarar frå Høgskulen i Volda presentere innlegg i faglege sesjonar. Program for Fjordkonferansen 2019: <https://fjordkonferansen.no/program/>

FORSKINGSUTVALET (1): 16 FOU-STIPEND I 2020

Forskningsutvalet har tildelt 16 FoU-stipend for 2020. Det kom inn 20 søknader og vart fordelt 15 vanlege FoU-stipend og eitt FoU-stipend som ledd i professorstipend. Dei som får FoU-stipend i 2020 er desse (sorterte avdelingsvis):

ASH: Vidar Myklebust, Kjersti Straume, Inger Marie Okkenhaug og Margrete Homlong Øyehaug.

AHL: Marit Gascogne, Silje Ims Lied, Marit Wadsten, Antje Meier, Tor Arne Haugen, Stig Helset, Kari Pauline Longva og Pernille Fiskerstrand, I tillegg får Erik Fooladi (AHL) FoU-stipend som ein del av professorstipend.

AMF: Thomas Lewé og Svein Brurås.

AKF: Øystein Salhus.

FORSKINGSUTVALET (2): 4 STIPENDIATSTILLINGAR BLIR LYST UT

Forskningsutvalet inviterer no fagmiljøa til å kome med framlegg om å lyse ut fire stipendiatstillingar i ein open utlysingsrunde med føringar på kva tema som vert ønska. Avdelingane blir no inviterte til å kome med innspel på kva tema som skal prioriterast. Desse stillingane kjem i tillegg til dei områda som alt er prioriterte: Ph.d.-programmet 'Profesjonsutøving – vilkår og utvikling', lærarutdanning, nynorsk og samfunnsplanlegging.

STRATEGISK STUDIENEMND: INNFØRER SYSTEM FOR OPPMØTEREGISTRERING (NOA)

Strategisk studienemnd har vedtatt å innføre systemet NOA for å registrere oppmøte på obligatoriske undervisningsaktivitetar. Systemet har vorte brukt på BLU (Barnehagelærarutdanninga) i 2018-2019, og vurderinga frå BLU og IT er at no er systemet såpass godt og brukarvennleg at det vert tilrådd å ta det i bruk på alle avdelingar, men ikkje nødvendigvis på alle studieprogram alt hausten 2019. Men om dette går bra så kan vi rekne med at i 2020 vil alle studieprogram med obligatorisk oppmøte ta i bruk systemet. Dette krev blant anna at alle obligatoriske undervisningsaktivitetar er registrerte i Timeedit. Studentane registrerer sjølv oppmøte på ein eigen app. NOA er ei engelsk forkorting: Notice of Attendance. Strategisk studienemnd vedtok også retningsliner for frammøte og fråvær i utdanningar med obligatorisk frammøte. Blant anna vart det vedtatt at om det kjem endringar i obligatoriske undervisningsaktivitetar mindre enn ei veke på førehand, så vil det ikkje bli registrert fråvær for studentane.

NASJONAL SPØRJEUNDERSØKING OM TRAKASSERING: HØG SVARPROSENT I VOLDA

Høgskulen i Volda fekk ein svarprosent på 59 i den nasjonale undersøkinga av omfang på mobbing og trakassering i høgskule- og universitetssektoren som Universitetet i Agder gjennomfører. Det var 220 tilsette ved Høgskulen i Volda som svarte, av i alt 379 som vart inviterte til å delta. Nasjonalt sett var gjennomsnittleg deltaking på 42 prosent. Høgast svarprosent hadde Fjellhaug internasjonale høgskole med 71 prosent svar - og med 14 svar i alt. Deretter kom Dronning Mauds Minde med ca 100 svar og ein svarprosent på 64 prosent. Volda og NHH hadde begge 59 prosent og BI hadde 58 prosent svar. Resultata frå undersøkinga kjem til hausten.

JUBILEUMSMARKERING OG SOMMARAVSLUTNING TORSDAG 20. JUNI: HERNES KJEM - KJEM DU?

Alle tilsette på HVO har no fått invitasjon til å delta på sommaravslutning og jubileumsmarkering for 50 år med DH-skule og 25 år sidan samanslåing. Blant anna er tidlegare rektorar ved Volda lærarhøgskule, MRDH Volda og HVO inviterte til å delta, og dei fleste har svara ja. Vi ber om at dei som ønskjer å delta på matykta i markeringa svarar på

invitasjonen slik at vi veit kor mykje mat som skal tingast. Her er lenke til påmeldingsskjema:
<https://forms.gle/oDBg1e4nU7ZrNm718>

JUBILEUMSMARKERING (2): MINI-SEMINAR 20. JUNI: JØRGEN AMDAM, GUDMUND HERNES OG EIRIK SØVIK

Torsdag 20. juni blir det også eit mini-seminar i regi av "Forum for høgskulehistorie" med frie nedslag frå starten i 1969 (Jørgen Amdam), samanslåinga i 1994 (Gudmund Hernes) og - kva no? (Eirik Søvik). Dette skjer i vesle auditorium på BK, eventuelt i store auditorium om det skulle bli veldig trangt i vesle BK. Eirik Søvik har på kort varsel steppa inn for ein ekstern gjest som måtte trekke seg frå debattmøtet. Søvik er tilsett som førsteamanuensis ved AHL og har nett vorte vald inn høgskulestyret som representant for fagleg tilsette. Han har også markert seg med fleire kommentarar i nettavisa Khrono.

FØRSTE KULL MED KANDIDATAR FRÅ MASTER IN MEDIA PRACTICES (MMP)

Mastergraden i Media Practices starta hausten 2017, og våren 2019 har dei første kandidatane kome i mål. Dette vart markert med ei fin høgtid i Aasen-tunet. Mastergraden er den første engelskspråklege graden ved Høgskulen i Volda, og har studentar frå ca 10 ulike land. Bachelorstudentar frå alle medieprogramma på HVO kan gå vidare til denne masteren.

Meir om MMP: <https://www.hivolda.no/en/studies/master-media-practices>

Les også helsing til masterstudentane i rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr/2019/06/13/greetings-for-mmp-students-volda-university-college-aasentunet-june-7th-2019/>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994)

21.6.2019: ASH Semesteravslutning

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

"Greetings for MMP-students, Volda University College, Aasentunet, June 7th, 2019"

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/06/13/greetings-for-mmp-students-volda-university-college-aasentunet-june-7th-2019/>

Orientering til høgskulestyret, 13. juni 2019

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/06/13/orientering-til-hogskulestyret-13-juni-2019/>

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no



Miljøfyrtårn